



Søknad til Fylkesmannen i Vestland om løyve til mudring, dumping og/eller utfylling i sjø eller vassdrag

Mudring/graving og disponering av massar og material i sjø og vassdrag er regulert av reglane i [forureiningsforskrifta kapittel 22](#). Alle tiltak i vatn som er omfatta av forureiningsregelverket treng vurdering og ev. løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Tiltakshavar må på førehand avklare med Fylkesmannen om ønskt tiltak kan gjennomførast, og om tiltaket krev løyve. Dette skjemaet er meint å vere til hjelp for å sikre at alle nødvendige opplysningar vert omtalt samla. *Vi rår til at søkjar så tidleg som råd avklarar med oss omfang av dokumentasjon som må følgje med søknaden. Merk at ved mistanke om mudring/dumping i ureina sediment, må alltid tilstanden på botn vere godt dokumentert.*

I større sakar bør søkjar også nytte rettleiar M-350 (Håndtering av sedimenter) for utarbeiding av søknad og eigen vurdering av undersøkingar, prøvetakingar, overvaking og eigenkontroll. Rettleiar finn ein via nettsida <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/?Type=13>.

Søknad med vedlegg skal sendast til Fylkesmannen på fmvlpost@fylkesmannen.no eller til **Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger**.

Varsel om sakshandsamingsgebyr. Det skal betalast gebyr til staten for behandling av søknader etter ureiningslova m/forskrifter. Storleiken på gebyret vert fastsett i eige vedtak etter reglane i kapittel 39 i ureiningsforskrifta. I kurante saker som må sendast på høyring, må ein rekne minst 6 - 8 veker sakshandsamingstid, i større saker normalt 4 – 6 månader.

Merk! Skjemaet er "låst". Du går til neste utfyllingsboks ved å trykke TAB-tasten. Treng du endre noko i skjemaet, opnar du det ved å klikke på symbolet "lås" (må hente frå "Alternativ for WORD"-menyen.). I WORD 2013 vel du symbolet "lås" fra valet "flere kommandoer" (frå symbolet på øvste line)

1. Opplysningar om ansvarleg søkjar

1.1	Namn, adresse m.v.		Telefon (verksemd)
	Namn på verksemda	Statens vegvesen Region vest	02030
	Gateadresse	Askedalen 4	
	Postadresse	Postboks 43	
	Postnr., -stad	6861 Leikanger	
	E-post verksemd	firmapost-vest@vegvesen.no	Telefon (kontaktperson)
	Kontaktperson/ar	Jens-Ivar Nilsen	95131344
	E-post kontaktperson ..	jens-ivar.nilsen@vegvesen.no	
	Føretaksnr. (verksemd)	971032081	Bedriftsnr. (anleggsstad).....

1.2	Namn, adresse m.v. utførande verksemd (om annan enn søkjar)		Telefon (verksemd)
	Namn på verksemda		
	Gateadresse		
	Postadresse		
	Postnr., -stad		
	E-post verksemd		Telefon (kontaktperson)
	Kontaktperson/ar		
	E-post kontaktperson ..		
	Føretaksnr. (org.nr).....		



2. Tiltak

2.1

Søknaden gjeld:

- | | | |
|-----------------------------------------------------|----------------------------------------------|-----------------------------------------------|
| <input type="checkbox"/> Mudring frå fartøy | <input type="checkbox"/> Graving frå land | <input type="checkbox"/> Tildekking |
| <input checked="" type="checkbox"/> Dumping på botn | <input type="checkbox"/> Utfylling i sjøkant | <input type="checkbox"/> Peling |
| <input type="checkbox"/> Sprenging | <input type="checkbox"/> Sugemudring | <input type="checkbox"/> Anna, (ev. vedlegg): |

2.2

Føremål:

- | | | |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------|
| <input type="checkbox"/> Gjenteke mudring/graving | <input type="checkbox"/> Førstegongs tiltak | <input type="checkbox"/> Privat brygge/båttilkomst |
| <input type="checkbox"/> Privat fellesanlegg/småbåthamn | <input type="checkbox"/> Off. fellesanlegg/småbåthamn | <input type="checkbox"/> Brygge/tilkomst for næring |
| <input type="checkbox"/> Farlei | <input checked="" type="checkbox"/> Overskotsmasse frå land | <input type="checkbox"/> Anna off. infrastruktur (vedlegg): |

2.3

Massen kjem frå (omtalt nærare i vedlegg) Vedlegg nr.

- | | | |
|-------------------------------------------|----------------------------------------------------|---------------------------------------------|
| <input type="checkbox"/> Grabbmudring | <input type="checkbox"/> Sugemudring | <input type="checkbox"/> Graving frå lekter |
| <input type="checkbox"/> Graving frå land | <input checked="" type="checkbox"/> Masse frå land | <input type="checkbox"/> Anna |

2.4

Omsøkt metode for plassering av masse (omtalt ev. i vedlegg)..... Vedlegg nr.

- | | | |
|---------------------------------------------------|----------------------------------------------|----------------------------------------|
| <input checked="" type="checkbox"/> Dumping i sjø | <input type="checkbox"/> Dumping i ferskvatn | <input type="checkbox"/> Sjøkantdeponi |
| <input type="checkbox"/> Fyllmasse på land | <input type="checkbox"/> Avfallsdeponi | <input type="checkbox"/> Anna |

2.5

Planlagt tidsperiode for tiltaket....

Dersom det er lokale fritidsinteresser nær ved kan mest gunstig tid på året vere utanom tida 15.mai til 15.september. Ulike fiskeslag kan gyte til ulike tider på året og førekomst av lokal art/stamme kan gjere det nødvendig eller ønskeleg å styre aktivitet utanom slik tid. Dersom omsøkt aktivitet må skje nær vassdrag med laks eller sjøaure, bør eller må aktiviteten leggast utanom gytetid og/eller viktigaste vandringstid for smolt. Tidsrom vert avklart særskilt i løyvet.

3. Område kor masse er omsøkt fjerna

3.1

Namn på lokaliteten.....	<input type="text"/>
Areal (m ²)	<input type="text"/>
Botndjup før tiltaket	<input type="text"/>
Botndjup etter omsøkt tiltak	<input type="text"/>
Mudringsdjup (kor djupt i sedimentet er det planlagt grave). Omtal i vedlegg dersom større tiltak.....	<input type="text"/>

3.2

Mengde masse planlagt fjerna (m ³) (ev. i vedlegg)	<input type="text"/>
Utrekna vekt (tonn) av masse planlagt fjerna (ev. i vedlegg)	<input type="text"/>

3.3

Legg ved kart
Tal kartvedlegg Kva syner kartet/karta

<input type="text"/>	<input type="text"/>
----------------------	----------------------

Kartet må eintydig vise stad og omfang av omsøkt tiltak. Både oversiktskart (1:50 000) og detaljkart (1:1 000) bør følgje med søknaden. Eventuelle prøvetakingspunkt må vere merkt på kart.

3.4

Kva for sediment / massar er planlagt fjerna (ev. i vedlegg)

Gje kort oversikt over fordeling grus, sand, silt, leire osv, tørrstoffprosent (ev. om ulik fordeling i sedimentlaga), legg om mogeleg ved kornfordelingskurve.



3.5 Omtal straumforhold og ev. lagdeling av vassmassane (ev. i vedlegg)

Gje oversikt over straum i området så langt dei er kjent, (legg ved kjeldereferanse). Gje dykkar vurdering av behov for kunnskap før eller under omsøkt tiltak.

Gje oversikt over lagdeling av vassmassane i området så langt det er kjent, (legg ved kjeldereferanse). Gje dykkar vurdering av behov for kunnskap før eller under omsøkt tiltak.

3.6 Omtal natur/miljøverdiar og andre brukarinteresser som kan verte omfatta av tiltaket (ev. i vedlegg)

Bruk lokalkunnskap, sjekk i lokale, regionale eller nasjonale oversikter (m.a. <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>) ved behov. Vi treng omtale av m.a. område som er viktige for kommersielt fiske, rekreasjonsområde, gyte- og oppvekstområde (merk særskilt om det er viktige førekomstar av prioriterte artar), sårbar natur (verna område, ålegraseng, m.m.), viktig fartøyslei, ev. militært område.

3.7 Omtal ev. andre installasjonar, røyr, kablar, marine kulturminne, vrak osb. i området (ev. i vedlegg)

3.8 Omtal ev. andre tidlegare eller eksisterande kjelder til utslepp (ureining) i området (ev. i vedlegg)

3.9 Ønskt metode for transport av massar (ev. i vedlegg)

3.10 Prøvetaking av botnsediment (Legg ved omtale av prøvetaking, prøvetakingsstader, tal prøver og blandprøver, karakterisering av sediment (TOC, TS, kornfordeling, lukt, farge osb.), andre kjemiske analysar)

Vedlegg nr.

Reknearket TA2802 for risikovurdering av ureina sediment (Gjeld store tiltak)

Vedlegg nr. ...

Oppsummering av påvist funn (vis verdiar i vedlegg):

<input type="checkbox"/>	Kvikksølv (Hg)	<input type="checkbox"/>	Bly (Pb)	<input type="checkbox"/>	Kobbar (Cu)
<input type="checkbox"/>	Krom (Cr)	<input type="checkbox"/>	Kadmium (Cd)	<input type="checkbox"/>	Sink (Zn)
<input type="checkbox"/>	Nikkel (Ni)	<input type="checkbox"/>	PAH	<input type="checkbox"/>	TBT
<input type="checkbox"/>	PCB	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	Andre miljøgifter

Prøvetaking og –analyse må utførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

Prøvetaking og analysar skal takast etter akkrediterte metodar – så langt dei finst. Merk at vi tilrår at søkjar tek kontakt med oss så tidleg som råd for å avklare behov for omfang av dokumentasjon.

Tal på prøvepunkt avhenger av omfanget av tiltaket. Informasjon om dette finner de i rettleiar M-350/2015, kapittel 2 og vedlegg VII – Undersøkelser og overvåking.

3.11 Tiltaksmål (ev. i vedlegg)

Omtal føremålet med tiltaket. Tiltaksmåla skal gje ei konkret målsetting for utføring av tiltaket og må vere i tråd med miljømål for området. Tiltaksmåla danner grunnlag for kontroll med gjennomføring (sluttkontroll) av tiltaket.

Les meir om tiltaksmål i M-350/2015, kapittel 3 og vedlegg II- Miljømål..

3.12 Miljømål (ev. i vedlegg)



Dersom det er mogeleg at miljøtilstanden kan verte endra må dette omtalast særskilt. Miljøsmål må avklarast innafor rammene i vassforskrifta. Miljømåla for område skal vere førande for tiltak uavhengig av tiltakets føremål.

Les meir om miljøsmål i M-350/2015, kapittel 3 og vedlegg II- Miljøsmål

3.13 Omtal aktuelle avbøtande tiltak
(ev. i vedlegg)

Tiltak kan t.d. vere fysiske som etablering av siltskjørt eller boblegardin, tidsavgrensa og tilpassa tidevasstraumar og/eller gunstige tider på året, etablering og drift av målestasjonar (for m.a. turbiditet, ev. ulike næringsstoff, sedimentfelle). Fylkesmannen kan gje grenseverdiar for påverknad og ev. mellombels stans/ending av aktivitet.

3.14 Dykkar plan for overvaking av vatn, spreining av masse og sluttkontroll
(ev. i vedlegg)

Omtal dykkar vurdering av behov for prøvetaking i vassmasse eller sediment under og etter at tiltaket er gjennomført, og overvaking etterpå.

Nærare informasjon finn de i kapittel 5 – 7 i rettleiar M-350/2015.

3.15 Dykkar plan for informasjon og medverknad lokalt
(ev. i vedlegg)

3.16 Legg ved miljøgiftbudsjett (TA2817) (gjeld store tiltak) Vedlegg nr.

4. Område kor dumping/utfylling/tildekking er ønskt

Punkt 4 må fyllast ut for kvart avgrensa område mudra sediment er planlagt dumpa eller fylt ut under vatn.

Ved behov for sluttdisponering på land, men på breidda av sjøområde massane vert henta frå, må ønskt aktivitet avgjerast av Fylkesmannen etter avfallsreglane i ureiningslova. Dersom det er ønskeleg med nyttiggjering eller annan sluttdisponering på anna stad enn ved breidda, kan tiltak berre skje etter avklaring med Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

4.1 Namn på lokaliteten.....	Årdalsfjorden ved Årebru
Areal (m ² eller km ²)	Om lag 0,4 km ²
Botndjup før tiltaket	10-90
Botndjup etter omsøkt tiltak. Omtal i vedlegg dersom større tiltak.....	10-90, sjå vedlegg 1 og 6

Dersom omsøkt tiltak vil føre til ulike endringar i djupne, bør det verte omtalt i vedlegg.

4.2 Mengde masse planlagt plassert (m ³) (ev. i vedlegg)	Maks.120 000 m ³
Utrekna vekt (tonn) av masse planlagt plassert (ev. i vedlegg)	350 000 tonn

(treng ikkje fyller ut her om det er same mengd som er planlagt mudra)

4.3 Legg ved kart
Tal kartvedlegg Kva syner kartet/karta

3	<ol style="list-style-type: none"> 1. Liner for videotransekta ut frå land, i vedlegg 2 og 4 2. Sjøkart med posisjon for straummåling, i vedlegg 1 3. Aktuelt område for deponering av massane, i vedlegg 1 4. Djupnekart med fiberkabel, i vedlegg 8
---	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Kartet må eintydig vise stad og omfang av omsøkt tiltak. Både oversiktskart (1:50 000) og detaljkart (1:1 000) bør følgje med søknaden. Eventuelle prøvetakingspunkt må vere merkt på kart.



4.4 Kva for sediment / massar er planlagt dumpa (ev. i vedlegg)

Steinmassar frå sprenging av forskjering og tunnel. Ulike og blanda fraksjonar. Bergartane er hovudsakleg mangeritt/jotunnitt/gabbro. Typiske mineralar i desse bergartane er pyroksen og plagioklas.

(fyll ut dersom andre massar eller mengder omtalt i pkt. 3.4)

4.5 Omtal straumforhold og ev. lagdeling av vassmassane (ev. i vedlegg)

Det vart målt moderat lagdeling i sjøen. Med homogent vatn frå rundt 20 m djup og nedover. Lagdelinga vil hindre evt. partiklar frå botnen å trengje opp grunnare enn til 15-20 m djup. Straumen på flata utanfor tiltenkt dumpeplass vart målt over ein månad i april/mai 2019. Måling frå botnen (100 m) og oppover (dekkjer sjikt som kan verte påverka av dumpinga). Straumen nær botnen er moderat/svak 4-5 cm/s i middel, med sporadiske kortvarige episodar med straum rundt 10-12 cm/s. Det er sterkare straum lenger opp frå botnen, 6-10 cm/s i middel. Men dette er i grunnare sjikt enn det eventuelle sediment vil spreie seg. Straumretninga, dominerande, var i retning mot vest eller sørvest (ut av området). Vedlegg 1 omtalar straum og spreing.

Gje oversikt over straum i området så langt dei er kjent, (legg ved kjeldereferanse). Gje dykkar vurdering av behov for kunnskap før eller under omsøkt tiltak.

Gje oversikt over lagdeling av vassmassane i området så langt det er kjent, (legg ved kjeldereferanse). Gje dykkar vurdering av behov for kunnskap før eller under omsøkt tiltak.

4.6 Omtal natur/miljøverdiar og andre brukarinteresser som kan verte omfatta av tiltaket (ev. i vedlegg)

Det vert vist til vedlegg 2. Området grunnare enn 10 m kan ha en viktig funksjon som beite og oppvekstområde for anadrom laksefisk (jf. vedlegg 4). Det er elles ikkje registrert viktige naturtypar i fjorden. I kartinnsynsløysinga Yggdrasil (Fiskeridirektoratet) er det opplyst at det er låssettingsplassar i Årdalsfjorden, m.a. ved utløpet av Seimsdalselvi. Vidare er det område for fiske/rekefangst i fjorden. Det er også kosthaldsrestriksjonar på fisk/sjømat frå Årdalsfjorden pga. utslepp frå Hydro på Årdalstangen. Sognefjorden er kandidat til marint verneområde, og har status som nasjonal laksefjord. Det er ingen nasjonale laksevassdrag i Årdalsfjorden.

Bruk lokalkunnskap, sjekk i lokale, regionale eller nasjonale oversikter (m.a. <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>) ved behov. Vi treng omtale av m.a. område som er viktige for kommersielt fiske, rekreasjonsområde, gyte- og oppvekstområde (merk særskilt om det er viktige førekomstar av prioriterte artar), sårbar natur (verna område, ålegraseng, m.m.), viktig fartøyslei, ev. militært område.

4.7 Omtal ev. andre installasjonar, røyr, kablar, marine kulturminne, vrak osb. i området (ev. i vedlegg)

Vassleidning frå Seimsdalen til Naddvik, går ut i fjorden på vestsida av Seimsdalselvi. Leidning frå kommunalt avløpsanlegg går også ut i fjorden på vestsida av Seimsdalselvi. Det går fiberkabel i fjorden mellom Årdalstangen og Seimsdalen. Det er ikkje kjende marine kulturminne i dette området av Årdalsfjorden.



4.8 Omtal ev. andre tidlegare eller eksisterande kjelder til utslepp (ureining) i området (ev. i vedlegg)

Ingen lokale utslepp som betyr noko. Det er utsleppa frå Industrien i Årdal/Årdalstangen som dominerer kvaliteten på sedimenta i Årdalsfjorden og ved Årebru.

4.9 Prøvetaking av botnsediment (Legg ved omtale av prøvetaking, prøvetakingsstader, tal prøver og blandprøver, karakterisering av sediment (TOC, TS, kornfordeling, lukt, farge osv.), andre kjemiske analysar)

Vedlegg nr.

Reknearket TA2802 for risikovurdering av ureina sediment (Gjeld store tiltak)

Vedlegg nr.

Påvist funn av:

<input checked="" type="checkbox"/>	Kvikksølv (Hg)	<input type="checkbox"/>	Bly (Pb)	<input checked="" type="checkbox"/>	Kobbar (Cu)
<input type="checkbox"/>	Krom (Cr)	<input type="checkbox"/>	Kadmium (Cd)	<input type="checkbox"/>	Sink (Zn)
<input checked="" type="checkbox"/>	Nikkel (Ni)	<input checked="" type="checkbox"/>	PAH	<input type="checkbox"/>	TBT
<input type="checkbox"/>	PCB	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	Andre miljøgifter

Prøvetaking og –analyse må utførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

Prøvetaking og analysar skal takast etter akkrediterte metodar – så langt dei finst. Merk at vi tilrår at søkjar tek kontakt med oss så tidleg som råd for å avklare behov for omfang av dokumentasjon.

Tal på prøvepunkt avhenger av omfanget av tiltaket. Informasjon om dette finner de i rettleiar M-350/2015, kapittel 2 og vedlegg VII – Undersøkelser og overvåking.

4.10 Tiltaksmål (ev. i vedlegg)

Tiltaket skal ikkje gje dårlegare økologisk eller kjemisk status, og ikkje gjere det vanskelegare å oppnå miljømåla for vassførekomst.

Tiltak for å hindre spreiding av sedimenta og øydelegging av funksjonsområde for anadrom laksefisk:

1. Dumpe stein frå lekter slik at stein fell djupare enn 10 m.
- 2: Monitorere partikkelmengda i sjøen og straumen instrumentelt, og ev avbryte dumpinga ved påviste partiklar.

I siste tilfelle kan dumpinga styrast i høve til straumen: unngå å dumpe når straumen er sterk eller har retning mot nord.

Omtal føremålet med tiltaket. Tiltaksmåla skal gje ei konkret målsetting for utføring av tiltaket og må vere i tråd med miljømål for området. Tiltaksmåla dannar grunnlag for kontroll med gjennomføring (sluttkontroll) av tiltaket.

Les meir om tiltaksmål i M-350/2015, kapittel 3 og vedlegg II- Miljømål..

4.11 Miljømål (ev. i vedlegg)

Må sjåast i lys av miljømåla for Årdalsfjorden (God økologisk og kjemisk tilstand). Ikkje forverre tilstanden i sedimenta. Lokal spreiding innover i fjorden vil neppe bidra negativt (sidan dette område er meir kontaminert frå før). Tilstanden i øvre lag og på grunt vatn må ikkje negativt påverke tilhøva for anadrom laksefisk. Så det er opptrenging av sedimentpartiklar opp til nær sjøoverflata som er viktigast å unngå (-dette er lite sannsynleg). Om ein ser på steindumpinga som tildekking av giftig sediment så kan dette sjåast som eit tiltak mot forureining, men då må denne designast spesifikt for dette. Det er ikkje ein del av dette prosjektet.

Dersom det er mogeleg at miljøtilstanden kan verte endra må dette omtalast særskilt. Miljømål må avklarast innfor rammene i vassforskrifta. Miljømåla for område skal vere førande for tiltak uavhengig av tiltakets føremål.



Les meir om miljømål i M-350/2015, kapittel 3 og vedlegg II- Miljømål

4.12 Omtal aktuelle avbøtande tiltak
(ev. i vedlegg)

Dumpe stein i tilstrekkeleg avstand frå land (lekter).
Monitore straum og partiklar i sjøen (ta pause i dumpinga ev).
Siltgardin: Vil kunne dempe spreining av slam frå steinen (sprengsteinrestar), men berre for øvre lag i sjøen.
Omfang og utstrekning av fylling vil bli sjekka av dykkarar eller på andre måtar under oppfylling.

Bruke tennarar som søkk i vatn, og stålfiber som armering i sprøytebetongen. Dette er undersøkt og avklara som godkjent metode i samband med deponering i sjø ved E39 Rogfastutbygginga i Rogland.

Det er ikkje aktuelt å fiske i området for deponering, eller bruke låssettingsplass ved Årebru/utløpet av Seimsdalselvi i den perioden deponeringa føregår. Låssettingsplass på sørsida av fjorden kan nyttast.

Det meste av massane vil legge seg i skråninga før ein kjem ned til den forureina sona/flatare parti lenger ned i fjorden, og vil såleis gje lite spreining av forureina sediment.

Tiltak kan t.d. vere fysiske som etablering av siltskjørt eller boblegardin, tidsavgrensa og tilpassa tidevasstraumar og/eller gunstige tider på året, etablering og drift av målestasjonar (for m.a. turbiditet, ev. ulike næringsstoff, sedimentfelle). Fylkesmannen kan gje grenseverdiar for påverknad og ev. mellombels stans/ending av aktivitet.

4.13 Dykkar plan for overvaking av vatn, spreining av masse og sluttkontroll
(ev. i vedlegg)

Sjå punkta 4.10 og 4.12.

Omtal dykkar vurdering av behov for prøvetaking i vassmasse eller sediment under og etter at tiltaket er gjennomført, og overvaking etterpå.
Nærare informasjon finn de i kapittel 5 – 7 i rettleiar M-350/2015, og i tildekkingsrettleiaren M-411/2016.

4.14 Dykkar plan for informasjon og medverknad lokalt
(ev. i vedlegg)

Det er jamnleg kontakt med grunneigar på arealet der lekteren skal leggest ut. Det skal vere eit informasjonsmøte/folkemøte før oppstart, i tillegg til prosjektsida på internett:
<https://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv303seimsdalstunnelen>
Søknaden skal også kunngjerast i Sogn Avis og på kommunen og Fylkesmannen sine heimesider.
Det vert vidare lagt opp til ytterlegare informasjon undervegs via sosiale media.

4.15 Legg ved miljøgiftbudsjett (TA2817) (gjeld store tiltak) Vedlegg nr.



5. Handsaming etter anna lovverk og samfunnsøkonomiske verknadar

- 5.1 Omtal ev. kontakt med andre styresmakter (kommunen, fiskeriinteresser, Kystverket, Sjøfartsmuseet (Bergen) (ev. i vedlegg)

Dei aktuelle instansane har vore involvert i oppstart og høyring/vedtak av reguleringsplan for fv. 303 Seimsdaltunnelen. Vidare vert søknaden om deponering av massar i Årdalsfjorden no sendt til dei same instansane i samband med offentleg utlegging. Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved Kulturavdelinga har vore kontakta og informert om at det kan bli aktuelt å deponera massar i Årdalsfjorden. SVV har bede dei vurdere om det trengs arkeologiske registreringar etter § 9 i Lov om Kulturminne i samband med dette.

- 5.2 Legg ved vedtak etter plan- og bygningslova, eller uttale frå kommunen og ev. andre offentlege organ

Vedlegg nr.

Tiltak i sjø må vere vurdert i høve til plan- og bygningslova og det kan være nødvendig med eiga handsaming etter denne lova.

- 5.3 Grei ut kva for positive eller negative samfunnsøkonomiske verknader omsøkt aktivitet kan føre til (ev. i vedlegg)

Jf. omtale i reguleringsplan er utbetring av Seimsdaltunnelen eit nyttig og svært etterlengta prosjekt lokalt. Det vil gje betre tilkomst til Seimsdalen for alle trafikantar, spesielt for store køyretøy og for gåande og syklende. Tunnelen vil bli oppgradert i samsvar med Tunnelsikkerhetsforskriften, og trafikktryggleiken vil bli betre på heile strekninga.

Massetransport er ein stor kostnad, og deponering i sjøen ved Årebru er den minst kostbare måten for prosjektet å bli kvitt massane på. Det er elles negativt både for klima og lokalmiljø med massetransport gjennom Årdal sentrum til deponi som ligg i lengre avstand frå anlegget. Om all masse skal ut av anlegget vil dette tilsvare om lag 12 000 lastebillass som må køyrast til og frå anlegget. Arbeidet skal gjerast om natta av omsyn til trafikkavvikling, slik at transport av massar og vil vere om natta.

Negativ verknad er at massane ikkje kan nyttast til andre samfunnsnyttige føremål om dei vert deponert i fjorden. Då har me ikkje rekna med at massane vil gjere nytte for seg ved tildekking av forureina massar frå Hydro på fjordbotnen.

Jf. planomtalen kap. 5.4 og 9.1 har vi i planprosessen utfordra kommunen og andre på bruk av massar utan å få svært gode forslag. Nokre av massane vil, i samråd med Årdal kommune, bli nytta til skredsikring. Vi har no og annonsert at vi har massar tilgjengelege, førebels utan respons. Aktuelle masseplasseringar ser ut til å ligge langt frå anlegget, t.d i Øvre Årdal og og Utladalen som er 15-20 km frå anleggsområdet.

- 5.4 Grei ut om plan for informasjon og medverknad (ev. i vedlegg)

Sjå 4.14

Trong for ein slik plan avhenger av storleiken på tiltaket og potensielt konfliktnivå. Meir informasjon finn de i vedlegg III i M-350/2015



6. Eigedomar og naboar som vert omfatta og som må/bør verte varsla eller orientert om omsøkt(e) tiltak

- 6.1 Oppgje så fullstendig som mogleg oversikt over naboar:
Gards- og bruksnummer, namn på eigar, adresse, e-post

Eigedom 28/1, Sjur Aarebru, Bygdinvegen 2997, 2950 Skammestein, sjur@aarebru@mattilsynet.no

Merk at tiltakshavar er ansvarleg for å ivareta privatrettslege tilhøve.

7. Underskrift



8. Oversikt over vedlegg

Nr.	Innhald	Tal sider
1	Hydrografi, strømmåling og spreining; NIVA notat 3. juni 2019	15
2	Droppkameraundersøkingar av fjordbotnen utanfor Årebru; NIVA 9. april 2019	9
3	Vurdering av miljøgifter i sedimenta utanfor Årebru; NIVA notat 14. mai 2019	2
4	Vurdering av botntilhøva i område utanfor Årebru, oppvekstområde for anadrom laksefisk; NINA prosjektnotat 24.mai 2019	9
5	Prinsippskisse fylling	1
6	Reguleringsplan for Fv. 303 Seimsdalstunnelen: https://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv303seimsdalstunnelen/reguleringsplan?lang=nn	31
7	Djupnekart m fiberkabelleidning	1
8	E39 Rogfast; Testforsøk lekterdropp, plast	2



9. Oversikt over nokre sentrale rettleiarar

Oppdaterte rettleiarar finn ein på Miljødirektoratet si nettside:

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/?Type=13>.

- M-350/2015 Veileder - Håndtering av sedimenter (oppdatert 28mai 2018)
- M-409/2016 Veileder - Risikovurdering av forurensede sediment
- M-608/2016 Veileder - Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota
- TA-1468/1997 Klassifisering av miljøkvalitet i ferskvann
- M-411/2015 Veileder - Testprogram for tildekkingsmasser